



Saksframlegg

Søknad om dispensasjon til driftsbod for regulering av tappeluke dam Ulvsvatn

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for plan og miljø		

Endeleg vedtaksrett i saka har: Hovudutval for plan og miljø

Dokument i saka:

Vedlegg

- 1 Ulvsvatn i dam gnbr. 72/33 - søknad om dispensasjon til driftsbod for regulering av tappeluke
- 2 Bod 2.4x3m Rev. Snitt A-A - Høyder 10.01.2020.pdf


Bakgrunn for saka:

Arendals Vasdrag Brugseierforening søkjar om dispensasjon for etablering av driftsbod for fjernstyring av reguleringsluke i Ulvsvatn.

Slipp av minstevassføring er eit konsesjonskrav i Finndøla, «*kgl.res av 14. august 1970 – ytterligere regulering overføring i Finndøla vassdraget*»

Tiltaket ligg på eigedom 64/20, eigd av Brugseigarforeninga.

Området er i kommuneplanen sin arealdel lagt ut som Landbruks- natur og friluftsområde (LNF). I LNF område er det berre tillate med tiltak som er knytt til stadbunden næring. Det er derfor søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for å kunne etablere tiltaket.



Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Miljø og klima i fokus i planarbeidet

Det ligg føre to vilkår for å kunne gje dispensasjon etter Plan- og bygningslova § 19-2:

- Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå vert vesentleg tilsidesett.
- Fordelane ved å gje dispensasjon skal vere vesentleg større enn ulempene.

Om vilkåra for å kunne gje dispensasjon ligg føre, har søkjar likevel ikkje krav på dispensasjon. Då kan det gjevast dispensasjon.

Område er avsett til LNF i kommuneplanen sin arealdel, men den reelle bruken i området er energiproduksjon i form av dam Ulvsvatn. Arendals Vasdrags Brugseierforening er grunneigar i området.

Området ligg innafor villreinens leveområde, men dette tiltaket vil ikkje påverke villreinen i nokon grad. Det er ingen andre registreringar knytt til naturmangfald i området, jfr. Naturbase og artskart.

Tiltaket ligg i område der det har vore anleggsarbeid i samband med etableringa av dam i Ulvsvatn, ein kan ikkje sjå at dette vil påverke området negativt.

Tiltaket vil gje sikrere styring av tappeluke for minstevassføring i vassdraget.

Ut i frå ei samla vurdering meiner vi at fordelene ved å sikre styringa av minste vassføring er klart større enn ulempene ved tiltaket.

Konklusjon:

Ut i frå vurdering av krava for å kunne gje dispensasjon i PBL § 19-2, meiner me at begge vilkåra i lova er tilstades. Trygging av slipp av minstevassføring vil vere positivt for vassdraget nedstrøms dammen.

Innstilling frå kommunedirektøren:

I medhald av Plan- og bygningslova § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i kommuneplanen sin arealdel, for etablering av bod for fjernstyring av reguleringsluke i Ulvsvatn som omsøkt. Vilkåra for å kunne gje dispensasjon er tilstades, tiltaket vil ikkje forringe området og trygger slipp av minstevassføring til vassdraget.

Etter Plan- og bygningslova § 21-9 1. ledd er vedtaket gyldig i 3 år frå vedtaksdato. Om tiltaket settast i gang men innstillast i meir enn 2 år fell også tillatinga bort.

Tiltaket må byggemeldast jf. Pbl § 20-2 2. ledd bokstav c) og § 20-5.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Mona Gundersen
	avdelingsingeniør